



Anne Christensen  
Hjertåsvegen 79  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3702 - 14/15359

Saksbehandlar:  
Erik Knag Johannesen  
erik.knag.johannesen@meland.kommune.no

Dato:  
17.10.2014

## Svar - Eigedom på Holme, GBnr. 10/12

Viser til Dykkar brev datert 03.09.2014, med ønskje om å kjøpe delar av GBnr. 10/12 på Holme.

Den aktuelle eigedomen er ifg. gjeldande reguleringsplan for området, regulert som friområde. Etter føresegnene skal området nyttast i samband med museumsverksemda kring Holmestova. Det er moglegheit til å leggje til rette for nærmiljøaktivitetar.

Ein bruk som Dykk gjer greie for i Dykkar brev, samsvarar ikkje med plan. Det vil i så fall være naudsynt med ein reguleringsendring for den uskilte parsellen.

Administrasjonen meiner at ein reguleringsendring vil kunne medføre ei privatisering av området som kan vere uheldig for dei aktivitetane som ein i planen ønskjer å leggje til rette for. Administrasjonen meiner derfor at eigedomen ikkje bør delast eller seljast.

Dersom dykk ynskjer meir informasjon rundt reguleringsføresegn og planprosessar, er Dykk velkommen til å ta kontakt med vår planavdeling.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Erik Knag Johannesen  
bygg- og eigedomsforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakere:**

Anne Christensen  
Rune Nilsen

Hjertåsvegen 79 5918  
Holmeknappen 17 5918

FREKHAUG  
FREKHAUG